

Vik kommune
Bygningsrådet

5860 VIK I SOGN

2589/76 TN/sh

16.07.76

PLAN FOR HYTTER PÅ SKJÆRLINGEN - DISPENSASJON FRÅ
STADFESTA VEDTEKT TIL BYGNINGSLOVA SIN § 82

Viser til brev hit av 30. juni d.å.

Det er utarbeidd plan for utbygging av hytter på
nemnde område. Dei fleste tomtar er utparsellerte
og selde.

Planen er godkjend av helserådet, friluftsrådet og
bygningsrådet.

Vegsjefen har godkjent avkøyrse frå riksveg nr. 13.

Fylkesmannen har vurdert dei dokument som er lagt
fram i saka, og finn i medhald av § 7 i bygningslova,
jfr. rundskriv av 20. desember 1968 frå Kommunal-
departementet, å kunne gje dispensasjon frå stad-
festa vedtekt til § 82 i bygningslova for oppføring
av hytter på Skjærtingen, gnr. 35, bnr. 1 og gnr.
36, bnr. 1 .

Dispensasjonen vert gjeven for oppføring av inntil
23 hytter under føresetnad av at plan av 18. mars 1976,
tegn. O.G.B., saman med godkjente reglar for hytte-
bygging, jfr. bygningsrådsvedtak i sak 85/76, vert
lagt til grunn for utbygginga.

Etter fullmakt

John A. Røislien
fylkesreg.ark.

Torolf Norheim